




GISKE KOMMUNE



SAMSPERLKOMMUNEN GISKE

KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSPLANEN 2014 - 2026

EIGENGODKJENT I KOMMUNESTYREMØTE

25.09.2015 SAK K-060/14

30.09.2014

INNHOLD

1. Inn i framtida	3
2. Status og utfordringar	4
3. Samspelkommunen	5
4. Satsingsområde	6
4.1 Der alle vil bu	7
4.2 Gode levekår	8
4.3 Næringsliv i utvikling	10
4.4 Det rike kulturlivet	11
5. Arealbruksprinsipp	14



Nye Valderøy skule under bygging, 11.04.2014.

1. Inn i framtida

Du sit no med samfunnsplanen for Giske for åra 2014 - 2026 i handa. Han fortel om retninga vi i Giske ønskjer å gå dei nærmaste åra innan sentrale område i samfunnet vårt.

Gjennom samhandling mellom administrasjonen, ulike politiske utval, grupper i samfunnet og innbyggjarane generelt, har vi peika ut nokre satsingsområde som alle og kvar for seg skal bidra til vidare utvikling av eit trygt og godt samfunn.

Kommuneplan sin samfunnsdel er ein overordna plan for utvikling av kommunen. Planen skal ha langt perspektiv og skal difor sjå fram mot 2026. Samfunnssdelen skal ta stilling til langsigktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon. Det vert vist til planomtalen til samfunnssdelen for meir utfyllande informasjon.



Plan- og bygningslova § 11-2:

Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til langsigktige utfordringar, mål og strategier for kommunesamfunnet som helhet og kommunen som organisasjon. Den bør inneholde en beskrivelse og vurdering av alternative strategier for utviklingen i kommunen.

Kommuneplanens samfunnsdel skal være grunnlag for sektorenes planer og virksomhet i kommunen. Den skal gi retningslinjer for hvordan kommunens egne mål og strategier skal gjennomføres i kommunal virksomhet og ved medvirkning fra andre offentlige organer og private.

...

Plan- og bygningslova § 11-3:

Kommuneplanens samfunnsdel skal legges til grunn for kommunens egen virksomhet og for statens og regionale myndigheters virksomhet i kommunen.

..

2. Status og utfordringar


Status:

- Attraktiv bukommune, sterk vekst
- Høg aktivitet på bustadbygging, meir konsentrert busetnad
- Svak økonomi. Høg gjeld og låge inntekter
- Svært ung befolkning
- Godt tenestetilbod
- God infrastruktur med korte avstandar internt og til bysentrum
- Mykje interkommunalt samarbeid
- Mange pendlar ut av kommunen til jobb.
- Næringsliv: fiskeri/marint og landbruk, regionen sin største flyplass
- Rikt idretts- og kulturliv
- Mykje verna areal

Utfordringar:

- Høg befolkningsvekst
- Behov for investeringar i teknisk og sosial infrastruktur
- Sentrumsutvikling, utvikling av gode møteplassar
- Samferdsel, stor biltrafikk og for dårlig kollektivtilbod
- Utvikling av eit allsidig næringsliv
- Giske kommune sin plass i ålesundsregionen
- Vidareutvikling av kommunalt tenestetilbod

31.12.13 var det 7 739 innbyggjarar i kommunen
Omlag 1200 pendlar ut og 300 inn til kommunen
I 2013 har Giske kommune 454 årsverk, desse er fordelt slik:
- 192 innan helse og omsorg
- 194 innan skule og barnehage
- 68 innan teknisk og stab



3. Samspelkommunen

Giske kommune vil bli den gode samspelekommuen der eige ansvar, frivillig innsats og profesjonelle tenester spelar på lag på nye og kreative måtar. For å løyse utfordringar og nå mål må godt samspel prege alt arbeid mellom det offentlege, det private, frivillige organisasjonar og ålesundsregionen. Samspel mellom ulike aktørar kan gje synergiverknadar som det ikkje er råd å oppnå kvar for seg og føre til meir effektiv bruk av dei ressursane ein har tilgjengelege.

Visjon og verdigrunnlag

Samspel mellom ulike aktørar må tuftast på visjonen og verdigrunnlaget for det daglege arbeidet i kommuneorganisasjonen: Giske kommune - ein engasjert medspelar.

Arbeidet skal vere prega av:

- Respekt
- Engasjement
- Løysingsvilje
- Kvalitet

Framleis står kommunen sitt slagord fast:

Historisk og framtidsretta


Historisk ved at vi tek vare på dei rike verdiene vi har i kultur og natur.

Framtidsretta ved at vi skapar og grip moglegheitene som ligg framfor oss.

Giske kommune er også ein MOT-kommune. Lokalsamfunn med MOT har:

- MOT til å leve
- MOT til å bry seg
- MOT til å seie nei

Når ein legg vekt på samspelet og uttrykkjer desse verdiene, er det med eit ønskje om at dei skal vere med på å prege møtet mellom menneska i Giske kommune.



4. Satsingsområde

Vi har mykje å gle oss over i kommunen vår, vi ligg sentralt til i regionen og har flotte naturgitte omgjevnadar som gjev grunnlag for vidare utvikling. Kommunen har ung befolkning med god helse, gode offentlege tenester og eit næringsliv i utvikling. Og, ikkje minst, mykje frivillig innsats i lag og organisasjonar. Lat oss vere stolte av alt dette. Samtidig må vi innsjå at alt kan bli betre, og for å halde følgje med den rivande utviklinga i samfunnet er det viktig å "heve blikket" og prøve å sjå dei lange linjene. Vi må også vere merksame på at Giske kommune er ein del av ålesundsregionen, med dei moglegheitene og utfordringane det gjev oss.

Vi har valt fire satsingsområde og vil at Giske kommune skal:

- vere ein god plass å bu - der alle vil bu
- ha gode levekår
- vere ein god næringskommune
- ha eit rikt kulturliv

Gjennomgåande perspektiv er at vi skal:

- fremje god folkehelse
- legge til rette for universell utforming og tilgjenge for alle
- legge til rette for god oppvekst for barn og unge
- ha fokus på energisparing og reinare miljø
- ha låg risiko og sårbarheit (ROS)

Noko som betyr at kommunen i ALLE planar og tiltak skal ta omsyn til dette og sørge for at dei ulike krava er oppfylte. Dette gjeld også verksemdsplanar, driftsplanar, og skal bli dokumentert gjennom rapportar og årsmelding.



4.1 Der alle vil bu

Vi vil at:

Giske kommune skal ha gode, varierte og trygge bummiljø

Då skal vi:

- ha attraktive møteplassar
- gode leikeareal, friområde og helsestiar
- ha attraktive tomter, einebustadar, fleirmannsbustadar, bustadar i tun og bustadblokker
- ønskje mangfaldet velkome
- ta vare på eksisterande kulturmiljø, -landskap og kulturminne
- ha krav til byggeskikk, estetikk og tilgang for alle
- ha gode ferdsselsårer slik at flest mogleg kan gå eller sykle til/frå daglege aktivitetar og fritidssyslar
- ha tilgang på godt kollektivtilbod
- etablere omsorgsbustadar ved kollektivtrasear og nært servicetilbod
- halde fram med å bygge ut trygge ferdsselsårer, gang- og sykkelvegar, turstiar m.m. i heile kommunen slik at flest mogleg kan gå eller sykle til/frå daglege aktivitetar og fritidssyslar

Innbyggartaleet har i perioden 2009 - 2013 auka med 668 personar

År	2011	2012	2013
Nye bueiningar	95	90	80

Til saman er det 24,5 km gang og sykkelvegar i Giske kommune.

Giske kommune har omlag 40 km² landareal, der omlag 20 km² bebygd eller landbruksareal.



4.2 Gode levekår

Vi vil at:

Giske kommune skal ha ei aktiv og frisk befolkning

Då skal vi:

- prioritere helsefremjande og førebyggjande innsats i all planlegging, forvaltning og tenesteyting
- stimulere til aktiv fritid og bruk av naturen
- legge til rette for møteplassar for alle aldersgrupper og på tvers av generasjonar
- ha ein sosial bustadpolitikk og stimulere til inkludering
- stimulere til sunne val og rusfrie miljø

Vi vil at:

Giske kommune skal ha gode og effektive kommunale tenester

Då skal vi:

- definere kva tenester kommunen kan tilby
- definere kva som skalverve private og kommunale tenester, frivilligkeit og eige ansvar
- stimulere til dialog, medverknad og engasjement frå innbyggjarane, lag og organisasjonar




Fig 1. Folketal og fordelt på aldersgrupper og kjønn for 2013 og framskriving til 2023 etter middel vekst. Kjelde Møre og Romsdal fylkeskommune.



Vi vil at:

Giske kommune skal ha barnehagar og skular med høg kvalitet og med høg kompetanse blant tilsette

Då skal vi:

- ha fokus på tidleg innsats, tilpassa opplæring og meistring
- skape gode og inkluderande læringsmiljø
- stimulere til kompetanseutvikling
- ha gode bygg og uteområde

Vi vil at:

Giske kommune skal ha varierte og tilpassa helse- og omsorgstenester

Då skal vi:

- ha gode og førebyggjande helsetilbod til småbarnsfamiliar stimulere til aktivisering og rehabilitering
- utvikle omsorgstenester i tråd med samfunnsutviklinga i samspel med mottakarane, pårørande og innbyggjarane
- stimulere til systematisk samarbeid mellom barnehage, skule og bustadar med omsorgstilbod for eldre og funksjonshemma

- 155 bueiningar med tilbod til personar med ulike omsorgsbehov
- 5 skular med omlag 1100 elevar
- 8 barnehagar, 6 private og 2 offentlege, omlag 500 plassar

4.3 Næringsliv i utvikling


Vi vil at:

Giske kommune skal vere ein aktiv medspelar overfor eksisterande næringsliv og legge til rette for etablering av nye bedrifter og næringar

Då skal vi:

- gje føreseielege rammevilkår til landbruk, fiskeri og anna næringsliv gjennom planar og samarbeid
- ha ein arena for samspel mellom kommune og bedrifter med faste møter og møtestadar
- legge til rette for og marknadsføre kommunen sine naturgitte føresetnadar for kultur- og naturbasert næring
- delta i regionalt samarbeid om utvikling av kreative næringar
- bidra til næringsutvikling i tilknyting til flyplassen

- Giske kommune har i alt 978 registrerte firma.
- 273 er aksjeselskap som sysselset omlag 950 personar og omset for ca 2.5 milliardar kr årleg.
- Omlag 125 av bedriftene har mellom 1 og 10 tilsette.
- I tillegg kjem bedrifter med hovudkontor i andre kommunar som t.d. Avinor og Subsea 7.
- Dei 10 største bedriftene står for over 60% av omsetninga.
- Det er omlag 2.500 arbeidsplassar i kommunen: Fiskerirelaterte verksemder på land og sjø er største næringsgreina med 750 arbeidsplassar og omlag 6-700 mill kr i årleg fangstverdi.





Vi vil at:

Giske kommune skal ha gode kommunikasjonar internt og til resten av regionen.

Då skal vi:

- arbeide for å betre kollektivtilbodet internt i kommunen og eksternt til regionen
- arbeide for å etablere ein rask og effektiv tilkomst til flyplassen for folk frå regionen slik at det blir til minst mogleg belastning for innbyggjarane

- Vi har 100,5 km kommunale vegar, 42,6 km fylkesveg og 10,3 km riksveg.
- Trafikken gjennom fastlandssambandet er omlag seg 8 000 ÅDT (årsgjennomsnitt/ kjøretøy/døgn)
- Ålesund lufthavn Vigra har over ein million reisande pr. år.


4.4 Det rike kulturlivet

Vi vil at:

Giske skal vere ein god, variert og attraktiv kulturkommune, med tilbod til alle aldersgrupper og med fasilitetar som kan tilpassast dei enkelte aktivitetane.

Då skal vi:

- bidra til at ungdommen finn sin plass i kommunen ved at dei får ta del i å utvikle attraktive fritidstilbod
- legge til rette for ein berekraftig frivillig sektor som kan samspele med profesjonelle og kommunen
- legge til rette for "kulturklynger" der ulike kulturaktørar kan samhandle
- spele på lag med dei mange profesjonelle kulturaktørane som er etablerte i kommunen
- sikre og merke turstiar frå fjell til fjøre, samt ta vare på kulturminne og kulturmiljøa
- ha kultur som bidreg til at alle innbyggjarar får utvikle identitet til kommunen
- utvikle ein kultur der det er lov å vere god, og der m.a. talenta får vise seg fram
- utnytte ressursane gjennom ein felles koordinatorfunksjon for kultur



Giske kommune har eit rikt og mangfaldig kulturliv:

- dei mange eldsjelene i lag og organisasjonar utgjer ryggrada i kulturlivet.
- lag og organisasjonar opererer innan eit breitt spekter:
- mange profesjonelle kunstnarar, musikarar og ressursar innan kreative yrke. 12 – 13 % av medlemmane i Bildende kunstnere Møre og Romsdal er busette i kommunen.

Kommunen er kulturell aktør gjennom:

- biblioteket, frivilligsentralen, kulturskulen og kulturkontoret (ålmenn kultur)
- MOT og UKM (Ungdommens Kulturmönstring)
- friluftsrådet for Ålesund og omland samt Stiftinga Sunnmøre Museum og Godøy kystmuseum
- samarbeid med kulturlivet i Giske og Sunnmøre.





5. Arealbruksprinsipp

Overordna prinsipp som skal vere styrande for arbeidet med arealdelen:

- Nye utbyggingsområde skal ligge nær kollektivtrasear.
- Nye bustad-/næringsområde skal utvidast i tilknyting til eksisterande.
- Eksisterande bustadområde kan fortettast der det er kort veg til skule, barnehage, idrett, butikk og møteplassar, fortetting skal vere strøkstilpassa.
- Det skal sikrast areal til teknisk og sosial infrastruktur. For nye areal skal kapasitet til teknisk og sosial infrastruktur vere klarlagd, eventuelt med rekkjefølgjekrav.
- Retningslinjer i Norm for leikeareal og friområde skal inn som retningslinje i arealdelen.
- Blokkbusetnad skal berre lokaliserast i sentrum av Roald og sentrale plassar på Valderøya.
- % BYA for bustadformål vert videreført frå gjeldande arealdel, med denne presiseringa:
 - avgrensing av utbyggingsareal må vere rasjonell i høve funksjon
 - inntil 30 % BYA for frittliggende busetnad
 - inntil 35 % BYA for inntil tomannsbustadar
 - inntil 40 % BYA for konsentrert småhusbusetnad
 - inntil 50 % BYA for blokk (også for Roald sentrum)
- % BYA for næringsareal kan vere inntil 80 %.
- Samanhengande areal, med god arrondering og bonitet, uavhengig av eigedomsgrenser, skal sikrast som kjerneområde landbruk. Kjerneområde landbruk skal ha sterke vern mot arealomdisponering enn LNF. LNF skal ha sterkt vern mot arealomdisponering, som i dag.
- Langs delar av vegnettet kan det leggjast til rette for LNF_B område, der; "Kvar LNF_B kan fortettast med x bueiningar utan krav om detaljplan." Det skal utarbeidast eigne føresetninger for LNF_B område i arealdelen.
- Friområde som skal sikrast for offentleg bruk; Sandvika (Alnes), Blimsanden, Giskeanden og Hustruhamna.
- Viktige turvegar og helsestiar skal markerast i plankartet.
- Prioriterte gang- og sykkelvegar for perioden skal teiknast inn i arealdelen.
- Sikre automatisk freda kulturminne og viktige kulturmiljø etter plan- og bygningslova.
- Sikre areal rundt dagens idrettsanlegg slik at desse kan utvikle seg vidare i tråd med framtidige behov.
- Framtidig areal til masseuttak må sikrast.
- Areal til massedeponi må sikrast.
- Legge til rette for badeliv, sjøsport/sjøfriluftsliv
- Legge til rette for aktiv bruk av sjøen med småbåthamner, naust m.m.
- Bruk og vern av sjøområda og strandsona skal avklarast i arbeidet med arealdelen
- Differensiert forvaltning av 100 - m beltet skal avklarast i arbeidet med arealdelen
- I arbeidet med arealdelen skal sentrumssstruktur vurderast, kommunesenter, lokalsenter





Bilete framside: Harald Valderhaug
Bilete side 6, midt: Bjørn Owe Hjelle
Bilete side 10, venstre: Odd Christian Stenerud
Resten av biletet: B. Friisvold/kommunen sin fotobank



GISKE KOMMUNE

Valderøy 4
6050 Valderøya
Tel.: +47 70 18 80 00
www.giske.kommune.no